

Budsjettdirektiv Årsbudsjett 2017, Handlingsprogram og Økonomiplan 2017 – 2020

1 – Innleiing

Gol kommune har hatt eit særst høgt investeringsnivå dei siste to rekneskapsåra samt budsjett 2016. Investeringsane er lånefinansiert, noko som har vore lønsamt dei siste to åra ettersom renter på innskott har vore marginalt høgare enn renter på lån. Gol kommune har pr. mai 2015 ei lånegjeld på 472 mill. kroner. Det er vidare gjort vedtak om ytterlegare lån til EPC-prosjektet – om lag 11,1 mill. kroner (K-sak 18/2016). Det er berekna avdrag i 2016 på 17 mill. kroner.

Eit låneopptak må betalast attende. Renter og avdrag – finanskostnader – blir ført som driftskostnad. Kommunale investeringar har i liten grad ei inntektsside som dekker opp for auka finanskostnader. I nokon tilfelle kan ei kommunal investering føre til ei effektivisering i ordinær drift og følgjeleg reduserte driftskostnader. Det er viktig at prognose på innsparing blir følgd opp i praksis og blir synleg i budsjettet.

For dei kommunale investeringane i ny skule og ev. fleirbrukshall med basishall fører ikkje investeringane til auka inntekt eller reduserte driftskostnader som dekker finanskostnadene. Dette er vel kjent for både politikarane og for administrasjonen.

Det betyr samstundes at ein må finne andre inntekter eller redusere andre kostnader for å kunne dekke inn meirkostnadane.

Økonomiplan for 2016 – 2019 gav signal om at 2016 var eit vanskeleg år, men at vi i perioden 2017 – 2019 måtte justere/reducere driftskostnadene betydeleg. Det vi ikkje fekk justert på drifta i 2016 må gjerast med verknad frå 2017. Det er også viktig at signal blir gjeve så tidlig i prosessen at ein kan sette i verk tiltak tidleg i budsjettåret.

Økonomiplanen har teke konsekvensen av følgjande investeringstiltak 2016 (eksklusiv VAR):

- Fullføring nye Gol skule – (41,0 mill. kroner) – 2016
- Fleirbrukshall og basishall (76,0 mill. kroner) – budsjett 2016 (ikkje endeleg vedtak)
- Gol skule – digitale tavler – (0,75 mill. kroner) – 2016
- Miljø-trafikkikkerhetstiltak – veg (årleg 0,15 mill. kroner) – 2016 - 2019
- Innkjøp server IKT Hallingdal (1,0 mill. kroner) – 2016 (vil bli endra til drift også budsjettmessig)

Økonomiplanen har vidare teke konsekvensen av følgjande investeringstiltak 2017 (eksklusiv VAR):

Bibliotek (7,0 mill. kroner) – 2017

- Gol helsetun - kjøkken (4,0 mill. kroner) – 2017
- Investeringsstiltak i henhold til helse- og omsorgsplan (5,6 mill. kroner) – 2017
- Skjerma avdeling demente samt sansehage (0,6 mill. kroner) – 2017
- Gol samfunnshus (1,2 mill. kroner) – 2017
- Gangveg/kulvert FV 51 (2.0 mill. kroner) – årleg 2017 og 2018

Desse tiltaka må leggest fram på nytt som nye tiltak ettersom det berre er fyrste året i økonomiplanperioden som er bindande.

Det er vidare i perioden teke med utskifting av eternit-tak Helsetunet og diverse mindre investeringar. Frå tidlegare veit vi at det vil bli føreslege nye investeringstiltak.

Handlingsprogram og økonomiplan – 2017 - 2020

Dei vesentlegaste nye positive driftstiltaka som er lagt inn frå sist økonomiplan er:

- Intermediære plasser – Hallingdal sjukestugu – 1,275 mill. kroner auka kostnad 2017-20xx
- Reduksjon til andre kommunar – vertskommunar fosterbarn – 0,4 mill. kroner redusert kostnad 2017 og 1,0 mill. kroner redusert kostnad frå 2018 og utetter
- Utvida opningstid dagsenteret – auka driftskostnader 0,35 mill. kroner frå 2017 og utetter
- PU – reduksjon kostnader 0,6 mill. kroner frå 2017 og utetter
- Fleirbrukshall og basishall – 0,2 mill. kroner auka driftskostnader i 2017 og 1,3 mill. kroner auka driftskostnader frå 2018
- Fleirbrukshall og basishall – 0,9 mill. kroner auka finanskostnader frå 2017 og utetter
- Helsetunvegen – beising og maling – 0,1 mill. kroner i auka driftskostnader for året 2017

Det er grunn til å legge merke seg driftskostnadene som gjeld fleirbrukshall og basishall !

Vedtekne innsparingar i 2016 eller før som må få full verknad i 2017-2020:

- Innsparingar som gjeld drift av bygningar etter bygging av ny skule – 2,5 mill. heilårsverknad 2017
- Innsparing Helsetunvegen – F 7/2013 – 0,25 mill. kroner

2 – Generelt

2.1 – Formannskapet sitt vedtak – rammer for budsjett 2017 og perioden 2017 - 2020

Etter økonomikonferansen 26. april hadde formannskapet ordinært møte og gjorde i sak 22/2016 slikt vedtak:

Barnehagestruktur:

Dette skal utgreiast:

Alternativ dagens situasjon med tilpassing av drift og bemanning til behov (fleksibilitet)

Alternativ nedlegging av grendebarnehager – bruk av Herad, Breidokk og Vesterhuset

Alternativ sentrum og 1-2 grendebarnehager

Alternativ selje Herad og bygge ny barnehage

Alternativ selje Herad og bygge på Åsgardane

Beslutning: Seinast november 16

Punkt 1 om tilpassing av dagens situasjon legges frem legges frem i junimøtet Eventuell beslutning må tas senest november slik at det ikke kommer i budsjettdebatten. Gjøre vedtak i forkant av budsjettmøtet.

Bruke inntil 100 000. Innarbeide i revidert budsjett

Samordna tiltak vidare i kulturarbeidet:

Politisk sak: Revidering av Kulturplan samt samorganisering av Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Politisk og administrativ initiativ: Regionalt initiativ på felles plan for kultur og idrettsanlegg

Administrativ initiativ: Felles kulturtilbud og/ eller oppretting av kulturnettverk

Kommunalt/ politisk initiativ: Kultur og/eller frivillighetskonferanse (regionalt/lokalt)

Politisk sak: Framtidig bibliotek, nybygg/påbygg/ombygg/eksisterende

Administrativt initiativ: Flytting av Galleri Gol til Gol nye skule

Resterende punkter på forrige foil skal diskuteres og vurderes inn i revideringsarbeidet ved rullering av Kulturplan og Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Bibliotek

Formannskapet ønsker en avklaring av framtidig utvikling av bibliotek før budsjettbehandlingen.

Vedtak

Formannskapet vedtek eit netto driftsresultat for 2017 på kr 0.

Vedtaket legg ein del føringar på moment som skal greiast ut som kan gje ei innsparing på drift.

rådmannen må legge fram eit balansert budsjett som syner 0 som netto driftsresultat

Handlingsprogram og økonomiplan – 2017 - 2020

2.1.2 – Utgangspunktet frå 2016 var slik frå økonomiplanen 2016 – 2019:

	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Netto driftsresultat	2.862,00	-5.082,00	-5.038,00	-4.184,00

Dette betyr at vi – sjølv med alt anna likt av aktivitet og inntekter frå 2016 – må redusere kostnadene våre med 5,1 mill. kroner, auke inntektene med det same eller ein kombinasjon.

Alt anna er diverre ikkje likt. Det er i tillegg usikkerhet m.o.t. rammetilskotet samt konsekvensar av kommunereforma. Det kan vi i stor grad ikkje styre sjølv og det er vanskeleg å vite om beløpet vi har som utgangspunkt må auke eller kan reduserast.

Andre usikre moment er drift til reinhald og vedlikehald av Læringscenteret på nye Gol skule (ikkje budsjettet). Kva helse- og omsorgsplanen vil bety for kostnader er ikkje kjent. Det er heller ikkje gjort nokon eigen stress-test av auka rentekostnad, men ei prosent endring vil utgjere mellom 3,5 og 4,5 mill. kroner på driftsbudsjettet.

Det kommunen sjølv gjer av vedtak gjennom året og som har budsjettkonsekvensar er vårt eige val. Kommunen har også gjort vedtak i dei fyrste månadene som fører med seg kostnader. Desse må også dekkast inn – heilårskostnader frå 2017:

Vedtak januar – april:

K-sak 11/2016	kr.	100.000	(stipulert kostnad vidareutdanning lærarar)
K-sak 18/2016	kr.	80.000	(EPC – energioppfølgingskurs)
K-sak 18/2016	kr.	100.000	(stipulert EPC – renter og avdrag mot auka sal energi)
Diverse justeringar	kr.	1.100.000	(introduksjonsprogram netto justert mot kjente auka inntekter)
K-sak 42/2016	kr.	- 500.000	(1,9 mill. i tilskot for mottaket minus 1,4 mill. kroner i auka årlege kostnader til helse og skule)
K-sak 45/2016	kr.	730.000	(omsorg – avlastning)

Totalt veit rådmannen følgjeleg om at vi må redusere kostnadene våre med ytterlegare 1,6 mill. kroner. Kva interkommunale samarbeidstiltak gjer er usikkert, men rådmannen har til hensikt å ta dette opp i rådmannsutvalet.

2.1.3 – Arbeidet administrativt:

Oppgåva for administrasjonen blir følgjeleg å synleggjere heile og konkrete tiltak som kan gje den naudsynte reduksjon av netto-driftsutgifter i drifta. Dette er ikkje forskjellig frå tidlegare år, men administrasjonen har ikkje tidlegare lukt å fremme overordna tiltak eller kommunestyret har ikkje ynskt å gjennomføre føreslegne tiltak.

Som nemnd i førre avsnitt er det kjente behovet for innsparingar auka frå 5,1 mill. kroner til 6,7 mill. kroner. Det hefter så mykje usikkerheit blant andre inntekter og erfaringar frå innsparingstiltaka i 2016 at rådmannen må legge opp til at administrasjonen samla kan legge fram **innsparingstiltak på totalt 8 mill. kroner.**

Politikarane har også uttrykt ynskje om å få alternativ til dei framlagte tiltaka. I seg sjølv betyr dette at politikarane skal få minst to framlegg til innsparingstiltak som monnar i den storleiken som er naudsynleg. Det ser ikkje rådmannen som mogeleg i denne fasen.

2.2 – Historikk – samfunnsdelen til kommuneplanen

Samfunnsdelen til kommuneplanen vart revidert sist gong i 2009. Det er denne som dannar grunnlaget for mykje av vårt arbeid og den må også nemnast i handlingsprogrammet.

Rådmannen har fleire gonger peika på at samfunnsdelen til kommuneplanen bør revideras på nytt. Svært mykje har endra seg sidan samfunnsdelen sist vart revidert og desse endringane er så dramatiske at heile kartet for kva ein skal prioritere eller ikkje prioritere bør teiknast på nytt.

Kva for mål ein skal prioritere eller nedprioritere må vere opp til Kommunestyret sjølv, men administrasjonen må greie ut driftsmessige og budsjettmessige konsekvensar av framlegga som kjem frå det politiske miljø eller som administrasjonen sjølv meiner er gode tiltak.

2.3 – Historikk – tenestekatalog

Avdelingane har frå 2013 jobba med det som heitar tenestekatalog. Desse er sendt vidare til politisk nivå, men ikkje nytta i særleg grad fram til no. Tenestekatalogane vil vere viktig i arbeidet med å revidere samfunnsdelen til kommuneplanen samt måla som tek utgangspunkt i den økonomien som Gol kommune har.

- Kva er lovpålagte tenester?
- Kva er minstekravet for å halde seg innafor loven?
- Kva er Gol kommune sitt tenestetilbod i høve til minstekravet. I dette skal også vere ei vurdering av konsekvensar for brukar, organisasjonen og potensielle inntekter.

Rådmannen må be kommunalsjefane gjere tenestekatalogane meir einsarta slik at dei kan nyttast i arbeidet med å tydeleggjere kostnader til lovpålagte tenester og eigne tenester.

2.4 – Historikk – handlingsprogrammet

Dei siste åra har handlingsprogrammet vore nedprioritert som følgje av at fokuset har vore retta mot reduksjon og endring av tenestene. Rådmannen har bede avdelingane prioritere det som er vesentleg. Kan hende har dette ført til at den verbale delen har fått redusert fokus. Når rådmannen no ber om at det blir skrive eit handlingsprogram er det også for å få innspel til endring i samfunnsdelen av kommuneplanen.

3 – Budsjettprosessen 2017 - 2020

3.1 – Handlingsprogram

Handlingsprogrammet har tidlegare år vore utarbeidd for kvar avdeling og med ganske forskjellig fokus. Det bryt litt med dei siste åra sine utfordringar og erfaringar der avdelingane sjølv ikkje har vore i stand til å legge fram tiltak i samsvar med budsjettdirektivet.

Rådmannen ber kommunalsjefane skrive handlingsprogram for 2017 – 2020 for sine einingar.

Det betyr at handlingsprogram skal opprettast for kvar ansvarleg person (som må samle informasjon for områda som er nemnd):

- Rådmann
 - Sekretariat og tenestetorg – inkl. fagansvar 360 og IKA Kongsberg IKS
 - Løns- og personalavdeling inkl. lærlingar
 - Økonomiavdeling – inkl. rammetilskot og skatt, kraft, eigedomsskatt, renter og avdrag, kommunerevisjon IKS
 - Barnevern (inntil vidare)
 - IKT Hallingdal
 - Gol kyrkjelege fellesråd
 - Gol kommunale eigedomar AS
 - Skatteoppkrevaren i Hallingdal

- Kommunalsjef oppvekst og kultur:
 - Gol skule
 - Gol barnehage
 - Læringssenteret Gol
 - Kultur
 - PPT og OT Nedre Hallingdal

- Kommunalsjef helse- og omsorg
 - Helse
 - Omsorg institusjon
 - Omsorg helsehjelp i heimen
 - Omsorg PU
 - Miljøretta helsevern
 - Stiftelsen Hallingdal Krisesenter
 - Sosial / NAV Gol

- Kommunalsjef samfunn og utvikling
 - Utbyggingsavdelinga
 - Kommunalteknisk avdeling – VARS
 - Kommunalteknisk avdeling – veg
 - Miljø og næringsavdelinga – inkl. konsesjonsavgifter og næringsfond
 - Bygg og drift
 - Hallingdal Brann- og redningsteneste IKS
 - Hallingdal Renovasjon IKS
 - Etablerarsenteret

Handlingsprogram og økonomiplan – 2017 - 2020

Rådmannen ynskjer at handlingsprogrammet tek utgangspunkt i det arbeidet som er lagt ned i tenestekatalogane og ser spesielt etter om ei anna organisering kan løyse oppgåvene meir rasjonelt.

Malen for handlingsprogrammet følgjar som vedlegg.

Rådmannen ber om at handlingsprogrammet er på maksimalt 10 sider frå kvar kommunalsjef.

3.2 – økonomiplan driftsbudsjettet – føresetnader for arbeidet

Årsbudsjettet for 2016 er retningsgjevande og det er dette grunnlaget ein skal nytte som utgangspunkt for å gjere omprioriteringar i drifta. Dersom det i utgangspunktet er meint delvis verknad i 2016 må dette få heilårsverknad i 2017 – 2020.

Heimelsregisteret

Heimelsregisteret dannar grunnlaget for berekning av løn. Det er berre kommunestyret som kan opprette heimlar og ta vekk heimlar. Rådmannen ber kommunalsjefane gjere ei gjennomgang av heimlane på sine områder. Gjennomgangen må vere kritisk og inkludere heimlane i høve til tidlegare vedtak og aktivitet.

Lønsbudsjettet 2017 - 2020

Rådmannen tek utgangspunkt i vedtekne heimelsregister og med det lønsnivået som gjeld pr. juni 2016. Konsekvensane av lønsoppgjering skal vere kjent i grove trekk.

60 – 65 % av driftsutgiftene i Gol kommune nyttast til å betale løn og sosiale utgifter. For nokre avdelingar utgjør løn og sosiale utgifter 80 – 85 % av driftsutgiftene.

Det blir rekna med 2,5 % auke i løns-utgiftene frå 1.5.2017. Beløpet blir lagt inn på sentral post. Sjølv om lønsoppgjering i 2016 var lågare enn dei siste åra, så er det likevel ikkje så lågt som det må vere for at vi skal kunne redusere driftskostnadene våre så mykje som må til.

Skal ein redusere på tilboda må ein følgjeleg sjå på lønsutgiftene. Det er ikkje lagt opp til oppseiingar. Alle ledige stillingar og all vakanse må bli vurdert i samråd med rådmannen og leiarteamet med sikte på å finne best mogelege løysingar for Gol kommune som organisasjon.

Andre utgifter 2017 - 2020

Rådmannen legg opp til normal prisauke for andre utgifter og stipulerer desse til 3,0 %. Desse har normalt ikkje vorte godtgjort når endeleg budsjett blir gjort opp ettersom det er liten vits i å auke budsjettet med prisauke, for deretter å redusere budsjettet med prisauke + ein generell reduksjon.

Inntekter – gebyr og sal 2017 - 2020

Rådmannen legg opp til ei auke i inntekter som blir bestemt av kommunen sjølv med 4 %, men reknar med at avdelingane ser dette opp mot andre, samanliknbare kommunar. Avdelingane må sjå etter nye inntekter der dei kan det.

Det blir eigen sak om gebyrregulativet og sjølvgebyrregulativet skal bli vedteke i september. Dette blir meir ryddig for brukarane som får god tid til å førebu seg på ev. endringar. For dei tenestene som følgjer skuleår må dette bli presisert tydeleg, t.d. kulturskule.

Inntekter – frie inntekter

Rådmannen legg opp til å budsjettere i samsvar med signal frå regjeringa, dvs. at dei frie inntektene aukar som generell løns- og prisauke. Som synt i innleiinga er dette risikabelt, men alternativet er ikkje betre.

Handlingsprogram og økonomiplan – 2017 - 2020

Frie midlar er ikkje øymerka. Det betyr at sjølv om Stortinget seier dei vil auke innsatsen på eit område og seier dei legg inn eit beløp i rammetilskotet, så er det fortsatt frie inntekter for kommunen.

Faste prisar – 2017 - 2020

Økonomiplanen blir utarbeidd i faste prisar og så langt det let seg gjere i 2017-prisar. Det vil bli forsøkt laga rapportar som bereknar konsekvensar av endra løns- og prisføresetnader utover i perioden

Kostnader og inntekter – samarbeidstiltak i regionen:

Rådmannen må be dei som sit i styringsgrupper eller som er med i styrande organ i interkommunale tiltak om å signalisere same behov for innstrammingar som for avdelingane i Gol kommune.

Dersom eit samarbeidstiltak signaliserer behov for meir auke enn normal løns- og prisauke vil avdelinga som nyttar tenester frå samarbeidet kunne risikere å måtte dekke dette av eiga ramme.

3.3 – Nye tiltak – investeringar og endring i tiltak/tilbod frå etablert drift:

Rådmannen har dei siste åra arbeida for å få synleggjort konkrete og heilskapelege tiltak, positive som negative. Dette gjeld både investeringar og drift.

3.3.1 – økonomiplan – investeringar som effektiviserar drifta - skjema:

Økonomiplan for 2016 – 2019 la opp til eit fortsatt ekspansivt investeringsbudsjett – sjå side 1 i dette dokument, samt [kommunestyresak 103/2015](#)

Normalt vil investeringsbudsjettet bli vurdert fyrst. Når ein veit investeringsbudsjettet med driftskonsekvensar – så veit ein om driftsbudsjettet må reduserast eller om politikarane har midlar til å drive positiv politikk (gode føremål).

Det er berre 2016-budsjettet som er bindande. Dette betyr at tiltak som er nemnd i perioden 2017 – 2019 må utarbeidast på nytt, ev. med endringar for perioden eller for nye tiltak i 2020. Vi nyttar 2016-kronar i dette arbeidet.

Skjema for investeringstiltak finn vil følgje som vedlegg:

I1A–Investeringstiltak-2017-2020–effektivisering

Det er dette skjemaet de skal nytte, prosjektnummer tek økonomisjefen seg av.

Side 1 av skjemaet skal gi eit anslag over kva det kostar å investere i tiltaket, side 2 skal gi informasjon om kva for driftsmessige konsekvensar investeringa fører med seg.

Reduksjonar i driftsbudsjettet som følgje av investeringa skal skrivast med negative verdiar.

Ver kreativ!

Ei god investering er ei investering som reduserer driftsbudsjettet!

Handlingsprogram og økonomiplan – 2017 - 2020

3.3.2 – økonomiplan – investeringar som aukar standarden - skjema:

Mange kommunale investeringar vil ikkje vere knytt til effektivisering. Nye investeringar som aukar standarden/kvaliteten bygningsmessig skal først på dette skjemaet (følgjer som vedlegg):

I1A–Investeringstiltak-2017-2020–auka_kvalitet

3.3.3 – økonomiplan – investeringar som gjeld VARS - skjema:

Investeringar på sjølvkost-området er mykje enklare å legge inn enn andre investeringar. Rådmannen ber likevel om at det er ei klar oppfatning av kva som er nye investeringar, kva som er standardheving og kva som er kostnader for å halde tidlegare standard (som i fleire tilfelle kan vere drift).

Investeringar som gjeld VARS skal først på skjema (følgjer som vedlegg):

I1–VAR-Investeringstiltak-2017-2020

3.3.4 – negative tiltak:

Rådmannen vil at kommunalsjefane skal komme med innsparingstiltak tilsvarande det beløpet som er nemnd i punkt 2.1.3 – dvs. 8 mill. kroner. Tiltaka må vere reelle og ha heilårsverknad. Dersom tiltaka ikkje har heilårsverknad må dei syne dette spesielt. Halvårlege tiltak må ha innsparing på anna vis for det aktuelle året.

Dei negative tiltaka er meint å skape rom for omprioriteringar eller rett og slett berre å kunne makte den daglege drifta i framtida. Årsaken til situasjonen er jo at dei folkevalde har valt å investere i skulebygg, samt legg opp til å investere ytterlegare i fleirbrukshall med basishall. Dei folkevalde har ikkje samstundes vald vekk noko anna.

Innsparingstiltaka er meint å ta utgangspunkt i 2016-budsjettet. Korleis kunne 2016 ha vore drifta annleis med mindre budsjettmidlar?

Tiltak som allereie er lagt inn som føresetnad for sist økonomiplan skal ikkje takast med ei gong til – rådmannen må ha tiltak som er nye. Dette gjeld t.d. reduksjon i reinhald og vedlikehald for bygning og drift der heilårsverknad for drift av nytt skulebygg er budsjettetert å bli 2,5 mill. lågare for eit heilt årsbudsjett enn dei gamle bygga.

Kommunalsjefane blir bedt om å legge fram tiltak som redusere netto-utgiftene med følgjande beløp (dette er NYE reduksjonar i høve til 2016-drifta, tidlegare framlegg til innsparingar skal ikkje takast med på nytt):

- Rådmann med stab – 1,0 mill. kroner
- Kommunalsjef oppvekst og kultur – 2,5 mill. kroner
- Kommunalsjef helse- og omsorg – 2,5 mill. kroner
- Kommunalsjef samfunn og utvikling – 2,0 mill. kroner

Tiltaka skal leggest fram på same måte som tidlegare år, dvs. på skjema (følgjer vedlagt):

N1–Negative_tiltak-Driftsbudsjett-2017-2020

3.3.4 – positive driftstiltak

Gjennom budsjettåret vil det komme informasjon om både nye lovverk, nye statlege krav samt vedtak frå dei folkevalde med budsjettkonsekvensar utover perioden. Nye brukarar kan ha kome til som krev meir ressursar. I tillegg vil det vere definerte politiske mål frå tidlegare som administrasjonen av ymse grunnar ikkje har vore i stand til å nå.

Ev. motsett verknad må rådmannen rekne med blir synt som negative tiltak. Rådmannen tenker her særskilt på tiltak som har fått spesiell løyving tidlegare, men som av ymse grunnar ikkje er aktuelle lenger.

Tiltaka skal leggest fram på same måte som tidlegare år, dvs. på skjema (følgjer som vedlegg):

D1–Driftstiltak-2017-2020

3.3.5 – saksnummer

Saksnummeret som skal nyttast i 360° er **16/01741. Kommunalsjefane** må nytte INTERNT notat. Alle har tilgang til å legge inn notat i saka. Desse notata er det formelle frå kommunalsjefane til rådmannen.

Frist for ferdigstilling av framlegg frå kommunalsjefane er fredag 1. juli.

4 – Årsbudsjett 2017

Rådmannen kjem frå og med budsjett 2017 til å jobbe ut detaljbudsjettet saman med kommunalsjefane som så må rådføre seg med enhetsleiarane for sine områder. Dette er ei utvikling samanlikna med dei seinaste åra.

Kommunalsjefane sine forslag til handlingsprogram og tiltak vil bli klargjort for trykking i andre veke av august. UKL og UNN skal ha desse tilsendt til sitt møte i slutten av august. Utvala planlegg sjølv gjennomgangen av forslaga. Administrasjonen må likevel vere førebudd på at gjennomgangen av handlingsprogramma kan ta til i utvala i august.

Prosessen vidare blir som følgjer:

- Innleiande møte med kommunalsjefane 13. juni
- Alle dokument blir lagt inn i 360 som interne notat – Saksnr. **16/01741**
- Handlingsprogram skal vere ferdig levert av kommunalsjefane innan 1. juli 2016
- Skjema for investeringstiltak - samt negative og positive driftstiltak skal vere ferdig levert av kommunalsjefane innan 1. juli 2016
- Framlegg til sak – gebyr-regulativ skal vere ferdig levert av økonomisjefen innan 12. august
- Framlegg til gebyr-regulativ (prisar) skal vere levert av kommunalsjefane innen 12. august
 - Gebyr skal gjelde frå 1.1.2017 hvis ikkje anna meint og begrunna
- Framlegg til heimsoversikt for ansvarsområdet til kommunalsjefane skal vere levert av kommunalsjefane innan 12. august
- Eit foreløpig framlegg til Handlingsprogram og økonomiplan for 2017 – 2020 skal vere ferdig frå rådmannen innan 26. august 2016
- Statsbudsjettet blir lagt fram i fyrste halvdel av oktober
- Budsjett og økonomiplan blir presentert for heile kommunestyret på ein budsjettkonferanse i oktober
- Formannskapet behandlar budsjettet i fyrste møte etter budsjettkonferansen. Ytterligare bestillingar til kommunalsjefane kan bli bestemt der
- Kommunestyret behandlar handlingsprogram med økonomiplan for 2017 – 2020 og årsbudsjett for 2017 seinast i desember-møte

Gol, 6. juni 2016

Hege Mørk
Rådmann

Arne Fredriksen
økonomisjef